

Øyvind Kleivdal  
Vassbygdvegen 119  
5912 Seim

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/6883 - 23/13261

Saksbehandlar:  
Marie Victoria Rekdal Skogrand  
[marie.skogrand@alver.kommune.no](mailto:marie.skogrand@alver.kommune.no)

Dato:  
16.02.2023

## **Vedtak om tilskot til drift med taubane - Gbnr 183/2 Kleivdal**

Delegert vedtak: Utval for areal, plan og miljø DS 191/23

### **VEDTAK:**

**Med heimel i forskrift om nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK-forskrifta).**

Alver kommune løyver inntil 252 000 kr i tilskot til den omsøkte drifta på følgande vilkår:

- Det er grunneigar sitt ansvar å sørge for at drifta ikkje fører til forureining. Arealet sin plassering i forhold til drikkevassforekomster tilseier ein lavare toleranse for forureining enn i andre område.
- Arbeidet skal før oppstart varslast til Alver kommune med oppstartsdato slik at driftsavdelinga kan følgje med på utviklinga i elvane som leder til Storavatnet. Dersom det vert nedbør og avrenning av forureina masser og jord til Storavatnet under arbeidet vil Alver kommune kunne stanse arbeidet med bakgrunn i Drikkevannsforskriften §4.
- Drifta skal gjennomførast i ein periode med tørt vær
- Ved avrenningsproblem og/ eller kraftig regnvær skal arbeidet stoggast og tiltak settast i verk i tråd med plan som grunneigar har sendt til kommunen.
- Lense som kan leggast ut ved utløp til vatn ved teikn til utslepp skal vere lett tilgjengeleg og takast i bruk umiddelbart dersom problematisk avrenning oppstår.
- Det skal leggast til rette for at aktuelle kistegrøfter raskt kan demmast opp for å drenera gjennom jorda. Ved problem med avrenning skal dette settast i verk straks.
- Kvist og anna hogstavfall skal handterast på ein måte som minimerer risiko for forureining. Når hogsten er avslutta skal det ikkje ligge att hogstavfall på dyrka mark eller over grøfter eller bekker.
- Når drifta er slutført skal dyrka mark settast tilbake til den stand ho var i før drifta tok til.
- Det kan berre utbeta last tilskot når drifta blir gjennomført utan særleg skade på spesielle miljøverdiar i området.
- Føre-var tiltak nedfelt i Norsk PEFC skogstandard skal følgas ved drift.
- Skogeigar skal sørge for at alderskravet er oppfylt ved avverking.

**Frist for gjennomføring av tiltaket er sett til 1. september 2023.**

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

### **Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)  
[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

Kontonummer: 3207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922

## Saka gjeld

Øyvind Kleivdal har søkt om tilskot på 140,- NOK per m<sup>3</sup> og totalt 252 000,- NOK for avverking ved bruk av tung taubane på over 150 meter på GBNR 183/2. Drifta er estimert til å avverke ca. 1800 m<sup>3</sup> gran på totalt 32 daa. Arealet er ei bratt lisiide i Kleivdal, sør for Storavatnet. Terrenget gjer at det vil vere vanskeleg å bygga veg i dette området.

Arealet der det er planlagt hogst er del av nedslagsfeltet til Storavatnet, som er den viktigaste drikkevasskjelda i Alver kommune. Avstanden frå planlagt oppstillingsplass til Storavatnet er om lag 250 meter, og avstanden mellom hogstfeltet og vatnet er om lag 230 meter. Kart som følgjer søkeren syner at det er planlagt oppstillingsplass på fulldyrka jord.

### VURDERING:

Feltet ligg i ei bratt lisiide svært nær Storavatnet. Mellom feltet og Storavatnet ligg eit mindre areal med dyrkajord, dette arealet har drenering gjennom kistegrøfter ut i oppsamlingsgrøft/bekk som har utløp i Storavatnet. Desse forholda medfører at avverkinga vil medføre ein risiko for avrenning av humus og næringstoff frå hogstfelt/hogstavfall til Storavatnet.

Alver kommune vurderer at plasseringa i forhold til drikkevasskjelda tilseier at det må takast særskilte omsyn for å redusere risiko for forureining. Kommunen har derfor sett ein rekke vilkår for å redusere risikoen for avrenning frå drifta og forureining av drikkevasskjelda. Kommunen kan likevel ikkje gje nokon garanti for at desse vilkåra er tilstrekkeleg til å hindre forureining. Det er skogeigar sitt ansvar at alle tiltak i skogen blir gjennomført i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, jf. Skogbrukslova §4. Det er følgeleg også skogeigar sitt ansvar at drifta ikkje fører til forureining av kommunen sin drikkevasskjelde, jf drikkevannsforskriften §4:  
«Det er forbudt å forurense drikkevann. Forbuddet omfatter alle aktivitetar, fra vanntilsigsområdet til tappepunktene, som medfører fare for at drikkevannet blir forurensset. (...) I vanntilsigsområdene kan landbruksaktivitet foregå dersom det ikke forurensar drikkevannet eller medfører brudd på beskyttelsestiltak etter § 12 eller restriksjoner etter § 26.»

Ut frå terrenget på staden vert taubanedrift vurdert som eit godt alternativ for avverking av dette feltet. Taubanedrift gjev mindre belastning på jordsmonn og redusert fare for erosjon samanlikna med tradisjonell hogst. Drifta er planlagt i den årstida der det normalt er minst nedbør (april/ mai/ evt juni), dette reduserer sjansen for avrenning. Grunneigar har på spørsmål frå kommunen lagt ein plan for kva tiltak som skal settest i verk dersom det vert problem med avrenning. Landbruksavdelinga vurderer at tiltaksplanen som grunneigar har sendt inn til kommunen syner at grunneigar og entreprenør er bevisst risikoen for forureining og vil ta særskilte omsyn for å unngå forureining. Landbruksavdelinga har på bakgrunn av dette vedtatt å gje tilskot til drifta på dei vilkår som er skildra i dette vedtaket.

Tilskot til drift i vanskeleg terrenget skal berre gjevast når drifta blir gjennomført i hogstmoden skog og på ein slik måte at det blir tatt omsyn til skogens funksjonar med omsyn til biologisk mangfald, landskapsverdiar, kulturminneverdiar og friluftsliv. Tilskot kan berre gjevast der det er gjennomført registrering av miljøkvalitetar (MiS) i området, eventuelt krav om gjennomføring av dei føre var- tiltaka som er nedfelt i Norsk PEFC skogstandard.

Lågaste alder for å motta tilskot:

Bonitet	Lågaste totalalder (år)	Tillegg til alder målt i brysthøgde
G26 og bedre	55	+10
G23	60	+12
G20	70	+13
G17	80	+14
G14	90	+16

Tiltakshavar har dokumentert alder på 60-75 år ved boreprøver. Dette tilseier at alderskravet er oppfylt. Det vert likevel sett som vilkår at skogeigar og entreprenør sørger for at alderskravet er oppfylt ved avverking.

#### Andre avgrensingar

Det kan berre utbetalast tilskot når drifta blir gjennomført utan særleg skade på spesielle miljøverdiar i området.

Det skal ikkje gjevast tilskot:

- dersom skogsdrifta kan motvirke utbygging av eit rasjonelt vegnett innan eit naturlig avgrensa driftsområde
- til område som skal brukast til andre formål enn landbruksproduksjon.

Relevante databasar som kilden.nibio og naturbase har vorte sjekka for MIS registreringar og andre registreringar av raudlista artar, kulturminne, kulturlandskap, friluftsliv etc., men det er ingenting registrert på eigendommen. Ettersom det ikkje er utført MIS registrering vert det sett som eit vilkår for å motta tilskot at føre-var tiltak frå Norsk PEFC skogstandard skal følgjast, Jf NMSK-forskrifta §7.

#### Utbetaling av tilskot

Løyvd tilskot blir utbetalt ved innsending av utbetalingsanmodning med dokumentasjon på kvantum. Eventuelt ubrukt løyving vert trekt tilbake, eller det kan gjevast tilleggsløyving for overskytande kvantum.

Gjeldande tilskotssats i Alver kommune er 140,- NOK pr m<sup>3</sup> av virke som vert registrert i virkesdatabasen. Tilskotssatsen kan verte endra i løpet av året i samband med rullering av NMSK-strategi for kommunen. Dersom satsen vert heva før drifta startar opp vil det vere mogleg å fremma ny søknad.

Minste beløp for utbetalning er kr 2.000. Ved avslutta drift kan 85 % av omsøkt beløp utbetalast med bakgrunn i produksjonsfil frå hogstmaskin.

#### Regelverk

Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven).

Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal

det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr 22/6883.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Marie Victoria Rekdal Skogrand  
Sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Øyvind Kleivdal

Vassbygdvegen 119      5912      Seim